



Saman med Johnny Furdal ser vi her m.a. uskedelingane William Hjørnevåg med Sivert Stensletten i armene, Johannes Legland, Oliver Enes og Olve S. Tveit.

For tida føregår Tine Fotballskule mange stader, og i Rosendal starta den opp i går, tirsdag, med ein kanondag! Ikkje berre kom den kjærkomne sola, men det dukka også opp tre fotballstjerner, og førebilete for dei unge deltakarane. Det var omvikedeling og storspelar på Nest Sotra, Johnny Furdal, og dei to Brann-spelarane, Sivert Heltne Nilsen og Torgeir Børven.



[Torgeir Børven og Sivert Heltne Nilsen skriv autograf til Emma M. Ripel.](#)

Fotballskulen i Rosendal starta tirsdag og vert avslutta torsdag. Tilsaman deltar 152 fotballspelarar som er fødd i tidsrommet frå 2004 til 2010. Vel 25 av desse kjem frå Uskedalen. Kvar dag er det trening frå kl.9 til 14 med to innlagte fruktpausar og eit brødmåltid.

På fotballskulen i Rosendal er det tradisjon at det dukkar opp Brannspelarar. I år såg dette vanskeleg ut, men då Palfinger Marine stilte opp og bidrog med sjøflytransport løyste dette seg på ein flott måte. Rundt kl.10 kom sjøflyet, og instruktør og uskedalen.no sin hjelpsomme utsende, Anita Simensen, fortel at det var ei oppleving å sjå alle dei spente ungane då sjøflyet til Palfinger Marine landa på sjøen utanfor kunstgrasbanen.

Forventningane var store. Ho fortel vidare at autografar og bilde var dei rause med, og då dei var ferdige med

det, fekk alle laga etterkvart litt tid med Brann-spelarane. Kwart lag fekk spørje dei tre spørsmål samt spele litt fotball i lag med dei!!

Og ikkje nok med det! Kvinnherad si store fotballstjerne Johnny Furdal var også på plass. Han kunne nok ha spela både på Brann og andre toppserieklubbar, men han har slått seg til ro som sentral spelar på Nest Sotra som etter nedrykk i fjor no kjempar i toppen i 2.divisjon. Mange fotballekspertar har brukt dei heilt store superlativa når dei har snakka om Furdal dei siste åra.

Fotballskule er ein kjekk måte å starta skuleferien på!



Ruth Maria Myklebust og Sivert Heltne Nilsen.



I kø for å få autografar.



Endeleg fremst i autografkøen. Torgeir og Sivert skriv så blekket sprutar!



Isak Taranger kosa seg på fotballskule.



Desse tre jentene hadde det flott!



Stor aktivitet med 152 spelarar og mange instruktørar i aksjon.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Anita Simensen